



Notat

Dato: 15.09.2017
Arkivsak: 2016/2768-24
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Partsbrev - Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet

Vedlagt følgjer partsbrev for sak PS 96/17 «Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar – Uttale frå kontrollutvalet» etter møte i kontrollutvalet 12.09.17.

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved den vidare handsaminga av saka til fylkesutvalet som vi antar vi skje i møte 26.10.2017.

Kopi til:
ØKONOMI - OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Arkivnr: 2016/2768-20
 Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-----------------|--------|------------|
| Kontrollutvalet | 96/17 | 12.09.2017 |

Godkjenning av 4 prosjektrekneskapar - Uttale frå kontrollutvalet

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.
2. Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke revisoruttale til prosjektrekneskap for 4 prosjekt. I revisjonsmeldingar dagsett 30.08.2017, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.

Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapar, revisjonsmeldingar og oversikt over prosjektrekneskapane ligg ved.

Drøfting:

Prosjekt 2147 Stord vgs gjekk ut med eit mindreforbruk på heile 54,3 % som må seiast å vera eit stort avvik i høve løyvd ramme. Det kan difor vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet.

For **prosjekt 3212 Øystese gymnas** er det eit mindreforbruk på 12,5 % i høve løyvd ramme. Også i dette prosjektet kan det vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore

gode nok i dette prosjektet. For dette prosjektet har sekretariatet også merka seg at det har teke omlag 6 år frå løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt.

For **prosjekt 6022 Austevoll vgs** er det eit særst stort meirforbruk på 73 % i høve opphavleg løyving som var på kr 40 000 000 i økonomiplanen for 2008 – 2011. Årsaka til dette vert oppgjeve å vera stor aktivitet i byggebransjen og dermed liten interesse blant entrepenørane utanfor kommunen til å rekne på tilbod i Austevoll. Også i dette prosjektet kan det, på bakgrunn av det som går fram over, vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet. Også for dette prosjektet har sekretariatet merka seg at det har teke lang tid, omlag 7 år, frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt.

Prosjekt 7518 Stend vgs gjekk ut med eit mindreforbruk på heile 11,8% i høve løyvd ramme. Det kan difor også her vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok i dette prosjektet. Også for dette prosjektet har sekretariatet merka seg at det har teke lang tid, omlag 5 år, frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt.

Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar seg at det for alle desse prosjekta viser seg at ein har store avvik i høve løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved fleire høve i samband med tidlegare prosjektrekneskapar. Vidare tilrår sekretariatet at kontrollutvalet merkar seg at det for 3 av desse prosjekta har teke omlag 5 år og meir frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Dette har utvalet også kommentert ved tidlegare prosjektrekneskapar.

Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutineane på desse områda er gode og dekkande nok. Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Utvalet har igjen merka seg at alle prosjekta har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for 3 av desse prosjekta har teke omlag 5 år og meir frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare
4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutineane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader og tidspunkt for avlegging av prosjektrekneskapane er gode og dekkande nok.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.09.2017

Handsaming i møtet

Kontrollutvalet ønskjer slik endring i starten av punkt 2: Kontrollutvalet er sterkt uroa over at også dette

Vidare ønskjer kontrollutvalet at punkt 4 vert endra til: Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte og gjera greie for usedvanleg stort avvik i kalkylen for Stord og Austevoll vidaregåande skular.

Med desse endringane i punkt 2 og 4 vart slik uttale samrøystes vedteke

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapen i det alt vesentlige er utarbeidd i samsvar med grunnlaget for rekneskapsavlegginga.
2. Kontrollutvalet er sterkt uroa over at også desse prosjekta har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
3. Vidare har utvalet merka seg at det for 3 av desse prosjekta har teke omlag 5 år og meir frå siste løyving vart gjeve og til prosjektrekneskap er avlagt. Det kan difor vera grunn til å stille spørsmål ved om prosjektrekneskapane burde vore avlagt tidlegare
4. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen komme i neste møte og gjera greie for usedvanleg store avvik i kalkylen for Stord og Austevoll vidaregåande skule.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02147 - Stord vgs. ventilasjonsaggregat
- 2 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02147 - Stord vgs. ventilasjonsaggregat
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03212 - Øystese gymnas - inneklimatiltak
- 4 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 03212 - Øystese gymnas - inneklimatiltak
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06022 - Austevoll vgs.
- 6 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 06022 - Austevoll vgs
- 7 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07518 - Stend vgs - rehabilitering
- 8 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 07518 - Stend vgs - rehabilitering
- 9 Oversyn 4 prosjektrekneskapar
- 10 Revisjonsuttalelser 4 prosjektrekneskaper